

Protokoll fra Årsmøte for 2014 i Støttegruppa 22. juli
Møre og Romsdal, Ålesund, 28.2. 2015.

Antal røysteføre medlemmar på årsmøtet: 24.

Sak 1. Opning. Leiar Hege Løseth opna årsmøtet og ynskte medlemmane velkomne. Ho orienterte vidare om aktivitetar som medlemmane kunne ta del i Ålesund søndag formiddag.

Deretter gjekk vi over til sak 2.

Sak 2. Konstituering

Val av årsmøte funksjonærar – **Innstilling frå styret:**

Dirigent: Sindre Solberg

Referent: Margun V. Romestrand

Skrive under protokoll: Anny Fjærli Hjetland og Svein Petter Vorren.

Vedtak: Innstillinga vart einstemmig godkjend

Dirigent takka for oppdraget med å leie årsmøtet og gjekk vidare i programmet.

Godkjenning av møteinnkalling – **Vedtak: ein stemmig godkjend.**

Godkjenning av sakliste – **Vedtak: ein stemmig godkjend.**

Sak 3. Årsmelding.

Årsmeldinga for fylkesstyret sitt arbeid er ei oversikt over det fylkesstyret har arbeidd med og aktivitetar som fylkesstyret og medlemmar har delteke på frå januar 2014 og fram til januar 2015. Dirigenten gjekk gjennom hovudpunkta i årsmeldinga. Dersom nokon hadde spørsmål eller kommentarar til årsmeldinga, vart det opna for det etter at den vart gjennomgått.

Medlemmane hadde følgjande innspel til endring til årsmeldinga:

1. Mødre -og fedregupper. Ta vekk antal medlemmar.
2. Om psykososialt nettverks arbeid. Ingrid O Nesland svarte. Ei tredje samling er planlagt i slutten av april. Temaet proaktiv arbeidsmodell for kriseteamet går ut.

3. Nytt punkt inn i årsmeldinga: Leiar for Støttegruppa i Møre og Romsdal har delteke i møter med kommunar i samband med psykososialt arbeid.

Innstilling: Årsmeldinga for fylkesstyret frå januar 2014 til januar 2015 vert vedteken med endringar som foreslått.

Vedtak: Årsmeldinga vart ein stemmig vedteken med endringar.

Sak 4. Handlingsplan for likemannsarbeid 2015.

Dirigenten las hovudpunkta i handlingsplanen som gir ein bakgrunn for arbeidet til Støttegruppa i Møre og Romsdal og gir ei oversikt over planlagde aktivitetar for 2015.

Det vart opna for spørsmål, kommentarar og forslag til endringar.

Kommentar: Det er fint at handlingsplanen famnar om alle aldersgrupper i Støttegruppa.

Forslag til endringar: Ingen forslag til endringar.

Innstilling: Handlingsplanen vert tatt opp til godkjenning.

Vedtak: Handlingsplanen vart einstemmig vedteken.

Sak 5. Rekneskap .

Dirigenten ba kasserer Lusie Gjersvoll gjere greie for det arbeidet som har vore gjort med rekneskap for 2014. Ho gjekk gjennom hovudpostane i som har blitt ført ved Økonomisenteret, Sunndalsøra. Jon Inge Lervåg og Jon Kvalø er revisorar for rekneskapet.

Det vart deretter opna for kommentarar og spørsmål frå medlemmane.

Dirigenten gav vidare ordet til revisor Jon Inge Lervåg som las opp årsberetninga for 2014.

Forslag om innstilling til vedtak: Ingen forslag om endringar.

Vedtak: rekneskapet vart ein stemmig godkjend .

Sak 6. Budsjett 2015

Forslag for budsjett for 2015 vart lagt fram. Kasserar Lusie Gjersvoll orienterte.

Det vart opna for kommentarar, spørsmål og forslag om endringar.
Spørsmål: Kva skjer dersom ein ikkje får det søkte tilskotet frå NSTG?
Årsmøtet vart samde om at dersom inntektene ikkje innfrir, brukar ein av eigne midlar til å gjennomføre handlingsplan og planlagde aktivitetar.

Dirigenten gjekk gjennom budsjettet punktvis.

Forslag om innstilling til endringar: Ingen forslag til endringar.

Innstilling til vedtak: Budsjettet for 2015 blir godkjend.

Vedtak: Budsjettet for 2015 vart einstemmig godkjend.

Sak 7. Val.

Valnemnda har disse medlemmane:

Rolf Farstad

Toril Flåte

Antonia Kvalsvik.

Følgjande medlemmar er foreslått til det nye styret for Støttegruppa 22.juli Møre og Romsdal:

Plassar i styret:

Hege Løseth, leiar (attval for 2015-16)

Sveinung Hjetland (attval for 2015-17)

Signe Berit Lervåg (attval 2015-17)

Erik Kursetgjerde (attval 2015-17)

Sindre Holberg (ikkje på val, 2014- 2016)

Lusie Gjersvoll (attval 2015-17)

Margun Vartdal Romestrand (ikkje på val, 2014-16)

Line Hatmosøe Hoem (ikkje på val, 2014-16)

Styret konstituerer seg sjølve.

Varaplassar til 2016

- 1.vara: Kitty Eide (attval)
- 2.vara: Tore Kvalsvik (attval)
- 3.vara: Bjarte Bjørkavåg (attval)
- 4.vara: Aina Farstad (ny)
- 5.vara: Anne Lise Salvatierra (ny)

Revisorar til 2016

Jon Kvalø
Jon Inge Lervåg

Valnemnd til 2016

Mona Garli
Toril Flåte
Odd Marvin Holberg.

Fylkesstyret med e-post adresser:

- 1.Hege Løseth , leiar, hege.loseth@mrfylke.no
- 2.Sveinung Hjetland, nestleiar. sveinung.hjetland@sunndals.net
- 3.Erik Kursetgjerde, styremedlem. erikkursetgjerde@gmail.com
- 4.Signe Berit Lervåg, styremedlem. signe.berit@lervag.net
5. Margun Vartdal Romestrand, styremedlem, margun.v.romestrand@tussa.com
6. Lusie Gjersvoll, styremedlem. lusie.gjersvoll@sunndal.kommune.no
7. Sindre Holberg, styremedlem, sinholbe@online.no
8. Line Hatmosøe Hoem, styremedlem, hoem.line@gmail.com

Vara representantar med e-post adresser:

- 1.vara- Kitty Eide, kitty.eide@shell.com
- 2.vara-Tore Kvalsvik, tore.kvalsvik@tussa.com
- 3.vara- Bjarte Bjørkavåg, Bja-bjoe@mimer.no
- 4.vara- Aina Farstad, aina.farstad@hotmail.com
- 5.vara- Anne- Lise Salvatierra, lill.s@live.no

Innstillinga vart gjennomgått med namn .


Dei innstilte vart valt ved akklamasjon.

Årsmøtet vart formelt avslutta ved Hege Løseth:


På vegne av fylkesstyret takka Hege av vararepresentant Brit Toril Vartdal som gjekk ut av styret, dirigenten for vel utførd oppdrag, og alle medlemmane for frammøtet.

Leiar Hege Løseth fekk velfortent merksemd og takk for godt utførd leiarskap i Støttegruppa .

Margun V. Romestrand
Ref.



Anny Fjærli Hjetland



Svein Petter Vorren.